

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUGDato: 27.04.2018
Vår ref.: 2018/8475-4
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Att. Tore Johan Erstad

Varsel om arkeologisk registrering, gnr. 30 bnr. 1 - Utbetring og omlegging av Håtuftvegen - Meland kommune

Me viser til dykkar brev datert 02.03.2018, motteke 08.03.2018, med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og vårt brev med varsel om synfaring datert 05.04.2018. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Arkeolog ved Hordaland fylkeskommune gjennomførte ei kulturhistorisk synfaring i det aktuelle området den 19.04.2018.

Med bakgrunn i kjennskap til før-reformatorisk gardsdrift (m.a.o før 1537), samt eksisterande kulturlandskap, kan ein forvente nye funn av automatisk freda kulturminne innanfor det aktuelle området. Det er difor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, kostnadane ved registreringa belastas av tiltakshavar, jf. §§ 9 og 10 i kulturminnelova.

Registreringa vert utført med maskinell flateavdekking. Ved maskinell flateavdekking vert det grave søkesjakter på om lag 3-4 meter breidd og varierende lengd. Matjordane vert fjerna maskinelt ned til undergrunnen. Djupna kan variere frå 0,5-4 m.

Kostnadsoverslag er lagt ved. Skulle kostnadene overskride vårt overslag vil vi varsle dykk om dette. Skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysningar om evt. organisasjonsnummer, samt signatur til den som er ansvarleg betalar, sendast til Hordaland fylkeskommune (scannet, signert svarbrev kan sendast pr. e-post). I kommunar der ein nyttar ressursnummer skal dette førast opp. Når kostnadsoverslaget er godkjend vil vi ta kontakt for å få arbeidet utført så raskt som mogeleg.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservatorSigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Kostnadsoverslag